

# Referat foreldremøte 2. årssteg

12.09.23 kl. 17:30-18:10.

Antall elever representert: 16.

Henriette er kontaktlærer.

Sissel er timelærer på årssteget i år, er med i alle timar.

Tora er fagarbeider og er med oss heile veka.

## **Mitt val**

Alle seier kva dei heiter og kven dei er forelder til, deretter to ting dei likar.

## **Klassemiljø, trivsel, daglege rutinar og reglar.**

Klassemiljøet er bra, dei er ein fin gjeng. Det er stabilitet på trinnet i dei vaksne, Henriette, Sissel og Tora er alltid med dei. Trivselen blant elevane verkar høg.

Daglere rutinar og reglar. Dei daglege rutinane er veldig lik som i fjor. Vi arbeider i stasjoner nokre gongar i løpet av veka, vi nyttar iPaden innimellom, dei tar maten med seg inn om morgonen, og dagen startar i trappa.

Alle har vener og dei er god til å leike.

## **Sosial kompetanse**

Vi arbeider med sosial kompetanse heile tida. Vi prioriterer å få tid til leik, både organisert og frileik. Hjartetime er fortsatt i bruk sjølv om den ikkje står fast på timeplanen.

Vi øver fortsatt med det å kunne samarbeide med alle, og vi arbeider med å bli gode læringsvener, det å kunne hjelpe sidemannen om det trengs.

Fokuserer på språkbruk, respekt, spørje fint om ting, empati og det å kunne dele.

Dei sosiale måla på læringsplanen vil bli felles for heile skulen etter kvart. Så langt i haust har vi snakka mykje om respekt for oss sjølv og andre, kva som er rett og galt, ta omsyn og hatt gode diskusjonar rundt det.

Vi jobber aktivt med inkludering om det er naudsynt.

Arbeidet med å ha ryddig garderobe, rydde opp etter seg og ta vare på ting sine er også noko vi jobbar mykje med.

[Ordensreglane](#) vart gjennomgått og konsekvensane ved brot på desse.

## **Forventningsavklaring, IGP-arbeid (individuellt, gruppe, plenum).**

Alle fekk delt ut ein lapp og nokon minutt på å skrive ned eigne forventningar, deretter trakk me grupper som skulle snakka om sine forventningar, deretter tok vi det opp i plenum.

Føresette sine forventningar til oss:

- Elevane skal føle seg trygg, bli sett og høyrd.
- Lavterskel for kommunikasjon skule-heim, begge vegar.
- At elevane blir fagleg stimulert.
- Positive og negative tilbakemeldingar heim.
- At elevar med behov for tiltak blir fulgt opp.
- At vi ser elevane sine kjensler.
- At dei får tid til å ete maten sin, både på skule og SFO.
- At vi har oversikt over elevane og om nokon manglar.
- Stabilitet og eit godt læringsmiljø.
- At skulen tek kontakt med føresette når atferden til barnet endrar seg.

#### Skulen sine forventningar:

- Meldinger i transponder før 08:00, om ein ikkje rekk det må ein ringe til skulen og gje beskjed til Kate som kan vidareformidle det til oss.
- At de les læringsplanen.
- Gjer lekser saman med barnet dykkar.
- Framsnakke skulen/lærare og medelevar.
- Ta ting med den det gjeld, ikkje ta det med andre som ikkje treng å vite. Informer oss om hendingar som kan påverke barnet.
- Ta kontakt tidleg, så ting ikkje får vekse seg stort.

Val av klassekontakt:

Nina Støkkan-Glesnes er klassekontakt og FAU-representant.

Mona Rabben er vara.

Mvh

Henriette Nordtveit

Kontaklærer